



## **Bustadutvikling i Samnanger**

### **Invitasjon til dialogkonferanse 22. november 2022**

**Samnanger kommune inviterer til dialogkonferanse om bustadutvikling i kommunen. Me ønskjer saman med næringslivet/utbyggerar å finna løysingar for behovet for bustader i Samnanger i åra som kjem.**

<b>Stad:</b>	Biblioteket på Bjørkheim (Bjørkheim 26, 5652 Årland)
<b>Tidspunkt:</b>	Tysdag 22. november 2022 kl. 12.00 – 14.00

#### **Bakgrunn og føremål med dialogkonferansen**

Samnanger vil dei neste åra få ein stor auke i talet på eldre innbyggerar. Dette vil påverka både bustadønske hos innbyggerane og den kommunale tenesteproduksjonen. Det skal no gjennomførast ei spørjeundersøking om bustadpreferansar hos innbyggerar som er 50 år og eldre. Gjennom denne undersøkinga vil kommunen mellom anna få informasjon om følgjande, som kan vera relevant både for kommunen og næringslivet:

- Behov for nye bustader – inkludert kvar ein ønskjer å bu, når ein har behov for ny bustad, kor stor bustad ein har behov for og kva fasilitetar bustaden må ha.
- Behov for tilpassingar i eksisterande bustader.
- I kva område er det behov for at kommunen medverkar til bustadbygging og utvikling av aldersvennlege lokalsenter?

På dialogkonferansen 22. november vil deltakarane ha høve til å koma med innspel/forslag til innhaldet i spørjeundersøkinga. Dette kan for eksempel gjelda spørsmål/forhold det er spesielt viktig for dykk å få informasjon frå innbyggerane om, og som kan aktualisera bustadprosjekt i Samnanger.

Kommunen ønskjer å gjera næringslivet i kommunen og regionen merksame på behovet for bustadutvikling i Samnanger, og håpar me kan finna løysingar saman. Kommunen kan for eksempel presentera eit behov/ ei utfordring og invitera næringslivet til å koma med forslag til løysingar.

Det er i dag stor overvekt av einebustader i Samnanger, og få leilegheiter. Det er også relativt få bustader som er godt tilpassa for personar med helseutfordringar. Dette ønskjer kommunen å få gjort noko med.

Kommunen vil truleg også ha behov for å kjøpa leilegheiter med fellesfunksjonar og velferdsteknologi, som kan vera ein del av større prosjekt. For å løysa behovet for eigna bustader i Samnanger i åra som kjem, vil eit godt samarbeid mellom kommunen og næringslivet (utbyggerar m.fl.) vera heilt avgjerande.

### **Deltakarar på dialogkonferansen**

Frå kommunen vil mellom anna ordføraren og rådmannen delta på konferansen, i tillegg til ein prosjektkonsulent frå Agenda Kaupang. Me håpar så mange næringsdrivande som mogleg blir med på konferansen – alle er hjarteleg velkomne!

### **Diverse informasjon**

Det er ikkje påmelding til dialogkonferansen.

For dei som ikkje har moglegheit til å delta fysisk på konferansen, vil det vera mogleg å delta digitalt via Teams. Lenke til Teams vil bli lagt ut på kommunen si heimeside ([www.samnanger.kommune.no](http://www.samnanger.kommune.no)) på møtedatoen.

I samband med konferansen vil det også vera høve for deltakarane til individuelle møte med kommuneleiinga. Dette kan avtalast på konferansen.

Dersom du har spørsmål om konferansen, ta kontakt med rådmann Ove Sæbø (mobil 92 22 55 62, e-post [ove.sebo@samnanger.kommune.no](mailto:ove.sebo@samnanger.kommune.no)).